

Uendra styre i helselaget

19.03.2013



Styret i helselaget, som sit her, er uendra

Uskedal Helselag heldt årsmøtet sitt i Gamleskulen i kveld og attvalde Selma Eik som leiar, Berit H. Myklebust som nestleiar og Margit Eik som styremedlem. Kasserar Hilda Guddal og sekretær Eli Roseth Eik var ikkje på val og dermed er styret uendra frå i fjor. Selma tek til med år nummer 11 som leiar.

Årsmeldinga konkluderer med at 2012 var eitt år med liten aktivitet utan medlemsmøter eller basar. Men det kom inn 20 734 kroner under den årlege demensaksjonen. Laget har fått 8 924 kroner i grasrotmidlar.

I fjor delte helselaget ut 40 000 til gode føremål, fordelt med 10 000 på hjarte/karforskning, 5000 på kreftforskning, 5000 på tuberkulose, 10 000 på rustenesta i kommunen og 10 000 på skjerma avdeling på Rosendalstunet.

Førebels vert det for dette året delt ut 10 000 til hjarte/kar, 5000 til kreft, 5000 til tuberkulose, 1000 til eit påskemåltid til elevane ved skulen og 2000 til privat tur for sjukepleiestudentar ved Husnestunet til Haukeland.

I 2012 var helselaget som før på skulen med frukt, på Rosendalstunet med kaffi og kaker og med juleblomar til fleire, til dømes heimebuande over 90 år i bygda.

Medlemstalet i fjor var 93 betalande og det skal gjerast ein innsats for auke.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen